



STUDENT

PARLAMENTET

VED HØGSKULEN I VOLDA

Stillingsomtalar for Arbeidsutvalet i Studentparlamentet i Volda

Hovudbodskap: Arbeidsutvalet og representantane i Studentparlamentet utgjer Studentparlamentet i Volda. Drifta er avhengig av kvart enkelt medlem sin innsats.

Alle medleamar i arbeidsutvalet (AU) pliktar å fylgje Studentparlamentet sitt arbeidsprogram, og elles arbeide for å utføre vedtak gjort av Studentparlamentet. Alle pliktar å vere aktive AU-medlemmar, mellom anna ved å møte på AU-møte ein gong i veka. Medlemene i arbeidsutvalet kan tildelast saker som ikkje har direkte med vervet å gjere, og pliktar å avlaste kvarande etter behov. Hovudoppgåva til alle er å sørge for at studentdemokratiet ved Høgskulen i Volda jobbar på ein så rasjonell og effektiv måte som mogleg. Arbeidsutvalet skal vere støttespelar for solidaritetsarbeid som er retta mot studentar ved HVO. Etter nyval av eit medlem i AU skal AU konstituere seg sjølv.

Arbeidsutvalet er ansvarlege for faddervekestyret, og skal leggje til rette for at faddervekestyret har gode arbeidsforhold i førebuing og gjennomføring av fadderveka. AU har også ansvar for å arrangere eit evalueringsmøte i etterkant av fadderveka, med representantar frå faddervekestyret og Studentsamfunnet i Volda, innan det andre studentparlamentmøtet i studieåret. Skriftleg referat skal leggjast ved sakspapira til møtet.

Verv i arbeidsutvalet i Studentparlamentet:

- Leiar
- Fagansvarleg
- Informasjonsansvarleg
- Velferdsansvarleg
- Internasjonalt ansvarleg
- Nestleiar (vald blant medlemane i AU)
- Kontrollkomité (2 personar som ikkje har andre verv i Studentparlamentet)

Informasjonsansvarleg i AU

- Er Studentparlamentet sin første-nominasjon til valstyret ved HVO.
- Har ansvaret for alt informasjonsarbeidet og det grafiske arbeidet, herunder utforming av alt profilerings- og informasjonsmateriell.
- Har hovudansvar for å halde Studentparlamentet si nettside og sosiale medium oppdaterte. Oppdatering skal skje ved behov, og minst ein gong pr. veke.
- Er hovudansvarleg for oppslagstavlene ved høgskulen, og skal sørge for at desse vert nytta i tråd med Studentparlamentet sitt reglement.
- Skal saman med leiar i Studentparlamentet sørge for at presse- og medieoppslag som omhandlar Studentparlamentet vert arkiverte.

Punkt som er felles for alle AU-medlemene i Studentparlamentet:

- Er underlagt Studentparlamentet sine styringsdokument og vedtak, og skal arbeide og stemme i tråd med desse.
- Skal prioritere dette vervet framfor andre frivillige verv.
- Skal avlaste dei andre AU-medlemene ved behov.
- Skal levere utfyllande rapport seinast ein månad etter avslutta verv.